

Avtale

Mellom Meland kommune og eigar av gnr 4 bnr 1, 25, 63 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal bygge vassleiding frå Fløksand-Beitingen. I same grøft skal det også leggjast kablar for fiber og veglys. Det vil bli satt opp stolper for veglys langs den kommunale vegen. I samband med anlegget gjev underskrivne grunneigar Meland kommune rett til å leggja vassleiding, fiber, kabel for veglys og veglys på eigedomen. Den aktuelle plasseringa av leidningane og veglys er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:500. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til leidningane og infrastruktur i anleggstida og tilkomst for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald.
2. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
3. Påviselege anleggsskadar på grøfter skal utbetrast så langt dette let seg gjera. Skadar som påviseleg skuldast anleggsarbeidet, har ein kommunal garanti på 5 år. Dersom partane ikkje blir einige om skadane er tilstrekkeleg utbetra, skal ein fagperson frå landbruksforvaltninga i kommunen avgjere saka.

Eventuelle andre påviseleg anleggsskadar på bygningar eller liknande skal utbetrast i den grad det er mogleg. Dersom det praktisk ikkje let seg gjera å utbetra skaden på tilfredstillande måte, skal det gjevast vederlag etter minneleg avtale. Dersom det ikkje vert semje om slik avtale, skal det gjevast vederlag etter anleggskadeskjønn.

4. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningane og kablane utan nærare avtale med Meland kommune. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil infrastrukturen visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegga. Ein føreset at vassleidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Kablar for veglys og fiber vert lagt med minst 40 cm overdekning.
5. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen, kan grunneigar, dersom det er ønskeleg, kontakte Meland kommune for felles synfaring.
6. Denne avtalen kan tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglyskostnadane

Stad og dato: Bergen, 30.08.2018

Eigar av gnr. 4 bnr. 1, 25, 63
Hordaland Fylkeskommune

Anne-Grove Hestet
FYLKESORDFØRER

Org. nr: 938 626 3



Stad og dato: Flekhaug 12/9-18

Meland kommune

Anny Bastesen

Org. nr: 951 549 770

MELAND KOMMUNE
Plan, utbygging og kommunalteknikk

Sektorsjef teknisk